

Stor vasslekkasje på Korsnes, forsyning må stengjast

26.12.2010



Skorane tar til å bera preg av lekkasjen.

Det har i ettermiddag oppstått ein stor vasslekkasje i Skorane på Korsnes og vassverket blir nødt til å stengja ned vassforsyninga på delar av området om stutt tid.

Difor ber dei abonnentane om å tappe vatn slik at dei har nok det næraste døgnet.



Det renn livleg nede i denne kummen.

Lekkasjen er så stor som rundt rekna 15 liter i sekundet og har truleg samanheng med det kalde veret eller at leidningane er gamle og svake.
Dei fleste trur mest på det siste..



[Svein Ove Bråtun og Tor Ove Haugland](#) står truleg ved lekkaskjestaden.

Vassverket kan ikkje lova å reparera lekkasjen før imorgon tidleg fordi det er mykje lokaliserings- og gravearbeid som må til. Lokaliseringen av brotstaden er igang no ved 18-tida og mykje eksperthjelp er tilkalla. Truleg har brotet skjedd nedanfor Skorane 22.

Brotet vart oppdaga då oppsittarar mista vatnet. Vatnet har etterkvart kome til overflata og renn nedover gata.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen